

MØTEPROTOKOLL

Utval: Vik kyrkjelege fellesråd

Møtestad: Kommunehuset i Vik

Møtedato: 08.06.2020

Start kl 10.00 - slutt 14.00

Til stades på møte: Geir Sørebo, Leiv Eikeland, Endre Nese, Kari Haga, Rolf Arne Olsen (1 time) og Laila Sunde.

Vik kommune: Roy Egil Stadheim

Frå adm: Ingvar Vangsnes (kyrkjeverje)

Ord for dagen ved Geir Sørebo.

Sak 19/20 Godkjenning av innkalling og sakliste.

Ingen merknader. Samrøystes.

Sak 20/20 Godkjenning av referat frå førre møte.

Vedtak: Ingen merknader. Samrøystes.

Sak 21/20 Årsrekneskap og årsmelding.

Det kom fram ynskje om oversikt over aktivitetar i sokneråda. Tek med statistikk i neste årsmelding. Dette er viktig informasjon når fellesråd /sokneråd må gjera prioriteringar. Ein må også ha fokus på trusopplæringa til hausten når vi har fått prestar på plass. Fellesrådet disponerer no bra med midlar.

Vedtak: Årsrekneskap og årsmelding godkjent. Revisorrapport blir lagt fram når den kjem frå revisor.

Samrøystes.

Sak 22/20 Status årsrekneskap pr. mai 2020.

Gjennomgang av årets rekneskap. Pr. dato har me ikkje noko meirforbruk i høve budsjett.

Kan få noko auke i kostnader knytt til reinhold i kyrkjene no etter at det er opna oppatt. Årets løyving til trusopplæring frå Bjørgvin (staten) er på ca kr 202.000.

Vedtak: Fellesrådet tek rekneskapen til orientering. Samrøystes.

Sak 23/20 Personalstatus.

Dora Davis er tilsett i 50 stilling som kyrkjemusikkar. Ingen respons på søknad etter trusopplærar. Det blir jobba med å finne nokon som kan hjelpe til med arbeid med barn. Anders Vassli Brekke er vikar i sommar som kyrkjemusikkar.

Vedtak: Det blir ikkje lyst ut 20% stilling etter kyrkjemusikkar då det er liten sjanse for å få søkjarar til ein så liten stillingsprosent. Kyrkjevevja får fullmakt til å organisera dette ved hjelp av pensjonerte organistar i nærområde.

Sak 24/20 Økonomiske utfordringar – vege vidare.

Fellesrådsleiar tok opp spørsmålet om å lukka møte grunna informasjon & drøfting om personale. Etter intern drøfting og vurdering av lovverket vart møte ikkje lukka. Fellesrådet drøfte om ein skulle halde fram arbeidet i økonomigruppa eller gå for å drive vidare i eigen regi. Dei to eksterne personane som skulle spørjast om å vere med i økonomigruppa har takka nei. Økonomigruppa skal utgreie konsekvensanalyse av ei eventuell samanslåing med nye Sogndal kommune. Det er også aktuelt å få til eit møte med Fellesrådet i Sogndal.

Vedtak: Geir Sørebo og Kirsti Jelle Hopperstad vart valde som nye medlemmar. Fellesrådsleiar blir leiar av gruppa. Kyrkjevevja skal vera sekretær. Fyrste møte blir fredag 26. juni. Kyrkjevevja kallar inn til møte.

Sak 25/20 Reviderte gravplassvedtekter – auka av festeavgifter.

Gravplassvedtektene har ikkje vore reviderte på mange år. I ytre Sogn prosti hadde me felles gravplassvedtekter for alle fellesråda. I samanheng med at festeavgifta no er justert var det aktuelt å revidere gravplassvedtektene. Vi har brukt nye Sogndal sine vedtekter som mal med nokre justeringar. Når vedtektene er godkjende blir dei lagt ut på heimesida. Under drøftinga kom spørsmål om minnelund oppatt. Ordførar vil ta dette om med kommunen. Kyrkjevevja har tidligare vore i kontakt med planavdelinga.

Vedtak: Vedtekter for gravplassane i Vik kommune vart godkjente med fylgjande tillegg. I §2 skal det stå etter «jfr. Gravferdslova §6. Pårørande kan søkje om fritak.» Justering av festeavgifter tek fellesrådet til orientering.

Samrøystes.

Sak 26/20 Brannalarm Arnafjord kyrkje.

Staten løyver ekstra midlar til vedlikehald av gamle kyrkjebygg. I år har dei satsa på brannvarsling og Arnafjord kyrkje er blant dei prioriterte.

Vik kyrkjelege fellesråd har søkt om midlar. Kyrkjeverja orienterte om kva som er gjort. Vore i kontakt med riksantikvaren og Sogn brann og redning. Det er ulike syn på brannvarsling i kyrkja grunna lang avstand til nærmaste brannstasjon. Vi har fått inn ein kostnadskalkyle frå samarbeidande firma, som kommunen bruker, og det er brukt som grunnlag for søknaden. Eigenandelen som fellesråd /kommunen må dekke er på 40% .

Vedtak: Blir søknaden godkjent jobbar ein vidare med å finna ei kostnadsbesparande brannvarsling for kyrkja. Positivt at Sogn brann og redning vil hjelpe til med å finne ei god og forsvarleg varsling. Blir det aktuelt må fellesrådet henta inn pris frå fleire leverandørar.

Samrøystes.

Sak 27/20 Orienteringssaker.

Vernedeksel til kyrkjene: Kjøpt inn, men er ikkje komne. Håpar på dugnadsarbeid til montering.

Vedlikehald kyrkjene: Rapporten frå Stokk og Stein fekk god omtale. No har fellesrådet ein god rapport å forholde seg til.

Fristen på vedlikehald (løyvde midlar frå riksantikvaren) Feios kyrkje er forlenga til hausten. Skade på tårnet er meldt inn til KLP og vi ventar svar frå dei etter at taksmann har vore og sett på skaden. Må nok sikkert ta ein god del av reperasjonsarbeidet sjølve. Kjem tilbake til fellesrådet når veit meir om kva som må gjerast og kva det vil koste.

Måling av Tårnet på Vik kyrkje. Kyrkjeverje kontaktar målarfirma for å få fortgang i arbeidet.

Rapport frå EL-tilsynet: Sognekraft har utført kontroll av alle kyrkjene våre på dei elektriske anlegga. Nokre småfeil elles var alt OK.

Reguleringsplan Feios: Fellesrådet har fått tilsendt førebels skisse over område rundt kyrkja i Feios. Det er planlagt bustader aust for kyrkje og deler av dei planlagde tomtene vil komma nærmare enn 60 m. Fellesrådet får denne saka når endeleg reguleringsplan blir lagt fram.

Val til KA sitt landsråd: KA har sendt ut info om forslag til kandidatar til landsrådet. Olav Martin Hove er i valnemnda. Kyrkjeverje tek opp spørsmålet på prostimøte. Frist til hausten.

Møte slutt.

